

---

**Fra:** Eilin Houlison Molvik  
**Sendt:** 12. mai 2017 08:22  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** VS: 16/19604 Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 185/333 Isdal  
**Vedlegg:** Vedlegg 1.pdf; Vedlegg 2.pdf

Hei.

Me vil her svara på og senda etterspørtd dokumentasjon vedr dykkar brev av 7/7-2016 (som ikkje er kome fram til oss før no).

Pk 1 - vedr skilt på takflata. Dette punktet utgår då SVV gav avslag på den søknaden.

Pk 2 - Fasadeskilt.

Det er førebels ikkje tenkt lyssetting på skilta.

Jf vedlegg 1 og 2 ser me for oss reklameskilt for leigetakarar over hovudinngangen (mot Nord-Aust). Denne veggen er 430 cm høg og 500 cm brei (frå hjørne til inngangspartiet sluttar / møter vegg) (jf vedlegg 1). Breidda er 530 cm frå hjørne og bort til første glaset på aktuel vegg (jf vedlegga). Høgde mellom skilt og topp/botn har me berekna til 15 cm. Avstand mellom hjørne til første skilt (marg) har me berekna til 20 cm. Avstand mellom skilta (vassrett) har me berekna til 20 cm. Då vert da marg 20 cm til inngangspartiet sluttar òg.

Mrk: Fasadeveggen som er tatt bilete mot på vedlegg 1 og 2 kallar eg "nord-vegg", sjølv om eg ikkje har hatt kompasset og måla kva vegg som er nærast mot nord.

Skilt "DAMPEN"

Plasserast sentrert over inngngspartiet med 75 cm høge bokstavar over ca 300 cm lengd. Dvs ca 100 cm "marg" på kvar sida av skiltet, mot hjørne og loddrett linja der inngangspartiet sluttar. Me ynskjer å ha teksten i orange farge (same farge som nytta på nokre veggjar på bygget), jf vedlegg 2. I tillegg vurderar me å settja opp same type "Dampen" skilt på aust-veggen, mot nord-austre hjørne. Då med same avstand mellom hjørne og til første / siste bokstav for baa skilta.

Leigetakarskilt

Skilta til leigetakarane plasserar me over "Dampen" med 5 høgder x 4 "små-skilt" / 2 "lange-skilt" i breidda. "Små-skilt" vert 50 cm høg x 100 cm brei. "Lange-skilt" vert 50 cm høg x 200 cm brei. Det er pr i dag inntil 3 skilt som kan verta "lange", og desse vil me plassera nederst, rett over "Dampen" (jf vedlegg1, men der "lange-skilt" skal flyttast ned).

For å vera fleksibel og ha moglegheit til å settja opp fleire leigetakarskilt, ynskjer me å kunna nytta 2 høgder med skilt vidare bortover veggen (forbi der inngangspartiet sluttar), under dei 3 glasa på veggen, bort mot kanappet. Då med same avstand, justert for takrenna som kjem ned. Dette er vist på vedlegg 2 forslag til løysing.

Pk - Søknadstype

Jf telefon med Lindås Kommune 24. mai 2016, sende me søknad med ansvarsrett - om ansvarsrett for sjølvbyggjar. Treng ikkje nabovarsel, men senda søknad til SVV (ang taket), som me fekk avslag på. Dette har me forsøkt å gjera so presist me klarte. I brev av 7/7-2016 får me opplyst at me like vel ikkje kan søkja slik me fekk rettleiing om. Difor ber me om fritak frå krav om ansvarsrett (PS: Vert da evt ekstra gebyr på dette?). Til orientering kan me opplysa om at me vil nytta tømrarar til å settja opp skilta på veggen, truleg KB Entreprenør AS.

Me beklagar me ikkje har svart dykk på desse punkta tidlegare, men som formidla tidlegare denne veka kjem da av at me først mottok tilbakemelding ang denne søknaden i dykkar brev av 26/4-2017.

Ser fram til positiv tilbakemelding på søknaden. Fint om de vil orientera oss om vidare saksgang og evt fleire gebyr osv.

Hagelsundet Eigedom AS

Andreas Aa.  
Tlf 993 20 842 (a).

2017-05-09 8:54 GMT+02:00 Eilin Houlison Molvik <[EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no](mailto:EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no)>:

Til Andreas Aa

De må enten klage på vedtaket om avvisning eller søke på nytt.

I begge høve må de supplere med dokumentasjon etterspurd i vårt brev sendt ut 07.07.16.

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar byggesak

 Lindås kommune

Svar eller førespurnadar rettast til: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.

---

**Fra:** Andreas Aasgard IMAP [mailto:[andreas@credex.no](mailto:andreas@credex.no)]

**Sendt:** 9. mai 2017 08:46

**Til:** Eilin Houlison Molvik

**Emne:** SV: 16/19604 Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 185/333 Isdal

Hei.

Svarar deg på desse punkta i løpet av kort tid, går da greit?

Dette brevet er nytt for meg...

Andreas Aa.

---

**Fra:** Eilin Houlison Molvik [<mailto:EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no>]

**Sendt:** 9. mai 2017 08:07

**Til:** [andreas@credex.no](mailto:andreas@credex.no)

**Emne:** VS: 16/19604 Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 185/333 Isdal

Til Andreas AA

Vi viser til dykkar epost datert 08.05.17

«Hei.

*Har mottatt brev frå Lindås Kommune om avvist sak grunna mangel på dokumentasjon, jf brev av juni 2016.*

*No har da seg slik at eg pla hugsa om me me får avslar / etterspurnad om meir dokumentasjon, da kan eg ikkje hugsa i denne saken. I tillegg var dette søknad om noko me ynskjer å gjera noko med, dermed er da veldig rart at me ikkje har svart på førespurnaden dykkar, dersom me har mottatt den.*

*Konklusjonen min er grei - eg har ikkje kjennskap til slikt brev om etterspørde meir dokumentasjon.*

*Kan de vera so venleg å senda det / dei breva til oss på denne mail, so me får sjå kva de etterspør?*

Andreas Aa.

Hagelsundet Eigedom AS»

Under ser du epost sendt : [andreas@credex.no](mailto:andreas@credex.no) den 07.07.16, vedlagt ligg og førebels svar der det vert etterspurd dokumentasjon.

Med helsing

Eilin H. Molvik, rådgjevar byggesak



Lindås kommune

Svar eller førespurnadar rettast til: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.

---

**Fra:** Eilin Houlison Molvik

**Sendt:** 7. juli 2016 15:18

**Til:** '[andreas@credex.no](mailto:andreas@credex.no)'

**Emne:** 16/19604 Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 185/333 Isdal

Sjå vedlegg

Med helsing

**Eilin H. Molvik, rådgjevar**

Ikkje send svar direkte på denne e-posten.

Svar eller førespurnadar rettast til: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.